

# Sogn og Fjordane Villreinnemnd

Kommunar med areal i villreinområde  
j.fr. adresseliste

Fresvik, 22.04.2013

## **KUNNGJERING**

Sogn og Fjordane villreinnemnd har gjort vedtak om fellingskvote i 5 villreinområde i fylket. Eit eller fleire av desse villreinområda ligg i din kommune. Kan de legge vedlagte kunngjering under nyhende på dykkar internettside?

med helsing Sogn og Fjordane villreinnemnd

Siri Wølneberg Bøthun  
sekretær

### Adressatar:

Årdal kommune  
Lærdal kommune  
Luster kommune  
Gløppen kommune  
Gaular kommune  
Stryn kommune  
Førde kommune  
Naustdal kommune  
Jølster kommune  
Askvoll kommune

### **Kopi til:**

Sogn Avis  
Firda

## FELLINGSKVOTER FOR VILLREIN 2013, FASTSETT AV VILLREINNEMNDA FOR SOGN OG FJORDANE

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane har i møte 03.04.2013, med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt av 10. Februar 2012, §§ 20 og 21, gjort fylgjande vedtak:

### **SVARTEBOTN VILLREINOMRÅDE**

Det vert tildelt 15 løyver i Svartebotn villreinområde, med slik fordeling på alder og kjønn: 6 valfrie, 4 simle/ungdyr, 5 kalv.

### **SUNNFJORDFJELLA VILLREINOMRÅDE**

Det vert tildelt 6 løyver i Sunnfjordfjella villreinområde. Løyva er tildelte som frie løyver, dei er planlagt fordelt slik på alder og kjønn: 1 valfri (vaksen bukk), 2 simle/ungdyr, 3 kalv.

### **FØRDEFJELLA VILLREINOMRÅDE**

Det vert tildelt 10 løyver i Førdefjella villreinområde. Løyva er frie men uttaket skal fylgje vedteken bestandsplan og avskytingsplan i høve fordeling på alder og kjønn.

### **LÆRDAL/ÅRDAL VILLREINOMRÅDE**

Det vert tildelt 65 løyver i Lærdal/Årdal villreinområde. Løyva er frie men vil i fylgje vedteken bestandsplan og avskytingsplan verte fordelt slik: 13 valfri dyr, 33 simler/ungdyr, 20 kalvar.

### **VEST-JOTUNHEIMEN VILLREINOMRÅDE**

Det er ikkje søkt om fellingskvote for Vest-Jotunheimen villreinområde.

Vedtaka kan påklagast til Direktoratet for Naturforvaltning innan tre veker. Evt. klage lyt vere skriftleg og skal sendast til Sogn og Fjordane villreinnemnd, adr. Siri Bøthun Naturforvaltning, 6896 Fresvik.